

## Referat styremøte 2-2021

### Møre & Romsdal Gjetarhundlag - MRGL

---

Styremøtet fann stad den 01.03.2021 i tidsrommet mellom klokken 19.00 og 20.00

Følgende møtte:

- ✓ Sara Larsson, leiar
- ✓ Andor Bjørke
- ✓ Terje Hurlen
- ✓ Gerd Eva Slettvåg, vara
- ✓ Nils Edmund Stråmyr, vara
- ✓ Eivind Solstad
- ✓ Anne Katrin Melle
- ✓ Ronald Slemmen (MRSG)

Følgende møtte ikke

- ✓ Asbjørg Ingeborgvik
  - ✓ Merethe Hellevik, vara
- 

#### SAKER:

##### **SAK 6; Konstituering av styret**

Første sak på dagsorden var konstituering, og styret konstituerte seg slik:

- Leiar: Sara Larsson
- Nestleiar: Anne Katrin Melle
- Kasserar: Terje Hurlen
- Skrivar: Andor Bjørke

##### **SAK 7; Uttalelse**

Sittande styrleiar i MRSG kom med informasjon frå MRSG Årsmøtet 2020 som vedgikk gjeterhundlaget MRGL. Det blei vedtatt at MRGL må søkje årvis om stønadane til drift slik at kasserer i MRSG hadde eit underlag til utbetaling (2021 er det budsjettert 20 000,- med tillegg av dei 20 000,- som ikkje det har vore utbetalt for 2020). I tillegg hadde årsmøtet vedtekje ei bevilgning for årets NM i bruk av Gjeterhund med inntil kr. 30 000,-

##### **SAK 8; Uttaksprøver til NM 2021**

I regi av at MNG arrangerer Fylkesmeisterskap i lag med NRG helga 02-03 oktober, har dei bestemt seg for at dei og arrangerer ei distriktsprøve dagen etter FM, på søndag den 03.10.2020. Dommar er tinga, Olav Tiller tek jobben.

Vidare blei det vedtatt følgende grunnlag for uttak til Norgesmeisterskapet 2021:

- 2 landsprøvehelger (før NM)
  - 1 Fylkesmeisterskap i Surnadal
  - 1 Distriktsprøve i Surnadal
-



Dette er tilsaman 6 prøver, der dei 4 beste resultatata dannar grunnlaget for poengutregninga til uttaket til NM i gjeterhund 2021. Poengskalaen til Norgesserien skal nyttas for alle prøvane i uttaket Unghundserien var tema på Årsmøtet til MRGL, og følgende prøver inngår:

- Klasse 2 - Gamlemsvik
- Klasse 2 - Stette
- Klasse 2 - Myklebust/Nordstrand

### **SAK 9; Brev til MRSB, på oppfordring av Ronald Slemmen**

Styreleder i MRSB oppfordret MRGL til å forfatte eit skriv der gjeterhundfolket til å komme med innspel om kva vi får igjen for å være medlemar i NSG, positive/negative innslag om gjeterhund i NSG, og forslag til forbedringer fra gjeterhundmiljøet. Styret vedtok at alle i styret sender inn eit avsnitt til [post@mrgl.no](mailto:post@mrgl.no) som vidare samanfatter dette i eit felles skriv som sendas ut til styret for endelige kommentarer.

### **SAK 10; Open post**

Ingen saker fremkom under «open post».

Etter ei kort oppsummering vart styremøte heva.

I skya - 01.03.2021

---

Sara Larsson,

Terje Hurlen,

Andor Bjørke,